

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 12.12.16
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Laila Nemeth

SAKA GJELD: Status bygg Haugesund 2030

STYRESAK: 078/16

STYREMØTE: 19.12.16

Administrerende direktør si orientering notat 5

Prosjektet er no i ferd med å lande brukarmedverknaden no i desember. Teikningar over dei ulike avdelingar og kliniske sentra tar no form. Dei ulike rom og utstyr knytt til byggetrinn 1 er programmert, og medflyttbart utstyr er identifisert. Det har vore eit stort engasjement med gode innspel og diskusjonar både mellom og på sjølve møta. Prinsipp og driftsmodellar frå konseptfasen, samt dei vegvala som blei gjort etter OU prosessen i vår, ligg til grunn for det ein no har prosjektert og programmert. Dei kliniske sentre på tvers av fagområder vil støtte opp om god behandling og utgreiing for pasientane, prinsippet om at pasientane skal gå på eigne bein i størst mogleg grad og at bygget legg til rette for framtidsetta teknologiske løysingar.

Det er lagt opp til kostnadsstyrt prosjektering i forprosjektfasen. Det blir i prosjektet løypande utført vurderingar av usikkerheit og kostnad. Ein har løypande tilpassa prosjektet i tråd med kostnadskalkyle og usikkerheitsanalyse. Prosjektet har no arbeidd med å trimma dei ulike kostnadselement i omfang om lag 70 millionar kroner, slik at prosjektet held seg innanfor kostnadsramma.

Prosjektet har og lagt opp til ei tett oppfølging av dei gevinstane som er identifisert og berekna i konseptfasen. Etter kvart prosjektgruppemøte har det vore møter med alle dei kliniske prosjektleierane og gevinstrealiseringsgruppa for å detaljere, spesifisere og kvalitetssikre gevinst. Prosjektet har satt opp ein gevinst på 45 millionar kroner dei tre fyrste åra etter innflytting i nybygg.

Arbeidet med utforming av entreprisestrategi og plan er i rute. 07.desember vart det fyrste leverandørseminaret arrangert for å informere, ha dialog og skape tillit i marknaden. Både store nasjonale og lokale entreprenørar møtte opp.

Prosjektet er i rute i høve til tidsskjemaet og plan. Det er eit stort og positivt engasjement i organisasjonen knytt til ByggHgsd2020.
